



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Til stades:

Medlemar:

Kjetil Hjørnevik, programstyreleiar
Lars Tuastad, programkoordinator/programstyrenestleiar
Claire Ghetti, intern fagrepresentant
Monika Overå, ekstern fagrepresentant

Til sak 2/25:

Viggo Krüger, prosjektleiar *Resonating Rights*
Thomas de Ridder, administrativ kontakt *Resonating Rights*
Maren Metell, deltakar *Resonating Rights*
Hilde Skare, studiesjef KMD

Meldt fråfall: Benjamin Ellingsen, studentrepresentant

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Fredag 17.01 2025, kl. 13:15-14:00

Møte: 1/2025

Stad: Microsoft Teams

Arkivnr: 2025/31011 (ePhorte)

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II Protokoll frå tidlegare programstyremøte

Godkjent

III Sakar:

MUTP 1/2025 Møteplan våren 2025

Vedtak:

Programstyret vedtek møteplanen for våren 2025 (saksvedlegg 1/25).

MUTP 2/25 Utdanningsprosjekt: *Resonating Rights*

Orientering om prosjektet ved prosjektleiar og administrativ kontakt. Programstyret er tidlegare informert i forkant og etterkant av støttetildelinga. Søknadstekst har vore delt med programstyret på epost i forkant av møtet. Programstyret diskuterer implementering av prosjektet knytt til studieprogrammet. Hovudkommentarar frå møtet: (1) Spanande prosjekt med interessante moglegheiter, men òg utfordringar med implementering i studiet. (2) Tidspunkt for planlagt aktivitet i vårsemester er problematisk jmf. studieplanen. (3) Jmf. fakultetets rutine og fristar for oppretting av nye emne, er det for seint å ha klart nytt emne til hausten 2025. Emne med oppstart våren 2026 må opp i IRGA i mars.

Programstyreleiar følgjer opp konkrete spørsmål i dialog med prosjektleiinga (saksvedlegg 2/25).

IV Referat og orienteringssaker

a. Meldingar frå institutt – [IRGA 19.09.24](#)

b. Meldingar frå Studieutvalget KMD – [SU 15.01.25](#)

- Kvalitetsarbeidet ved KMD
- Dialogmøter med instituttleiar. INMUT: 21.03.25
- Dimensjonering av studiet. Arbeid med å setje ny ramme for undervising og rettleiing.
- Opptak. Nytt digitalt opptakssystem for KMD: "Opptakt"

c. Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 05.12.2024](#)

d. Meldingar frå MUTP-fagutvalg og STUGA

V Eventuelt

Bergen, 17. januar 2025

Kjetil Hjørnevik
Programstyreleiar

Hild C. Vang
Programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 17/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Vedtak

Møte: 5/24 – 15.11.2024

MUTP 17/24 Treårig emneevaluering

Bakgrunn

Etter endringer i UiB sitt kvalitetssystem, mai 2024, er det ikkje lenger eit krav om årlege emneevalueringar. Kravet om treårige emneevalueringar står framleis. Det er ikkje gjennomført treårige emneevalueringar på INMUT sidan 2021. Det er difor behov for å gjennomføre evalueringar på alle emne, og å utarbeide ein plan for evalueringa. Då programmet står midt oppi ein redesignprosess er det lite hensiktsmessig å setje opp ein plan som strekk seg langt fram i tid på noverande tidspunkt. Samstundes vil det være særskilt nyttig for redesign-prosessen å ha tilgang til nyare emneevalueringar.

Til saka

Programstyreleiar foreslår å halde på dei årlege eigenevalueringane av emna. Dette gjev eit godt grunnlag for dei treårige evalueringane, og er gode verkty i overlevering av emneansvar. Med hyppig utskifting av emneansvarlege vil dette bidra til kontinuitet.

Programstyreleiar foreslår å gjennomføre evalueringar av alle emne på programmet, etter UiB sin mal for treårige emneevalueringar, i laupet av 2025.

Forslag til vedtak

*Programstyret ynskjer å halde fram med å gjere årlege eigenevalueringar av emna.
Programstyret ynskjer å evaluere alle emne på INMUT etter UiBs mal for treårig emneevaluering i laupet av våren 2025 og hausten 2025.*

Vedlegg/lenker:

[UiBs kvalitetssystem for utdanning](#)

[UiBs ressurside for evaluering av studiekvalitet](#)



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 18/24

ePhorte saksnummer: 2024/3091

Sakstype: Informasjon

Møte: 5/24 – 15.11.2024

MUTP 18/24 UTFORSK-prosjekt: Resonating Rights

Bakgrunn

Utdanningsprosjektet Resonating Rights – How Music Gives Voice and Fights Social Exclusion er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen, Federal University of Rio de Janeiro (Brasil), Federal University of Paraiba (Brasil), Federal University of Southern Bahia (Brasil) og Universitetet i Sørøst-Norge. Prosjektet involverer fagfelte etno-musikkvitskap, musikkterapi, utøvande musikk, musikkpedagogikk og menneskerettsstudier. Tidsramma for prosjektet er januar 2025 – februar 2028. Prosjektleiaren er Viggo Krüger.

Til saka

Prosjektleiinga ynskjer tett samarbeid med programstyret for å leggje til rette for implementering av prosjektet knytt til studieprogrammet. Programstyret er bedt om å svare ut ei liste av spørsmål knytt til fem hovudaktivitetar:

- 1) Semesterutveksling for norske studentar
- 2) Semesterinnveksling for brasilianske studentar
- 3) Utvikling av ny modul/valemne
- 4) Workshopmobilitet i valemnet 2026 og 2027
- 5) Studentforankring / studentsymposium 2028.

Vedlegg/lenker:

[Resonating Rights - Prosjektsøknad](#)

[Resonating Rights – Gantt chart](#)